

Til ordførarane og rådmennene i kommunane:
Fyresdal, Kviteseid, Nissedal,
Seljord, Tokke og Vinje.

28. september 2010

Innkalling til rådsmøte

Stad: Quality Straand Hotel
Dato: Tysdag 12. oktober 2010
Kl. slett: 14.00

Rådsmøtet finn stad på på Quality Straand Hotel i Vrådal i samband med Telemark fylkeskommune sine dialogmøte om dei regionale planene. Møtet om regional plan for nyskaping og næringsutvikling går føre seg i tida 9.30 – 13.00 same dag.

Vest-Telemarkrådet vil på rådsmøtet få orientering av fylkestannlege Tor Hildre om situasjonen innan tannhelsetenesten i regionen.

Vidare vil representantar frå Landstadsenteret vera tilstades og orientere om dagens aktivitet og dei vidare planene for senteret.

Som drøftingssak er sett opp spørsmål om mogleg friluftsråd i regionen.

Vi ynskjer vel møtt 12. oktober.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet

Anne-Nora Oma Dahle (sign)
regionordførar



Kjell Gunnar Heggnes
regionrådsleiar

Sakliste til rådsmøte 12. oktober 2010.

Sak 62/2010 Referat frå rådsmøte 14. september 2010

Sak 63/2010 Tannhelsetenesten i Vest-Telemark

Sak 64/2010 Landstadsenteret i Seljord

Sak 65/ 2010 Drøftingssaker

- Mogleg oppretting av friluftsråd
- Statsbudsjettet

Sak 66/2010 Orienteringssaker

- Brannsamarbeidet, orientering v/Hans Kristian Lehmann
- LUK

Sak 67/2010 Ymse

Vest-Telemarkrådet

Referat frå rådsmøte 14. september 2010.

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Bjørn Nome, Olav Urbø, Torstein Tveito, Solveig S. Abrahamsen, Arne Vinje, Sverre Sæter, Ketil Kiland, Therese Hauger, Hans Bakke, Per Dehli, Hans Kristian Lehmann og Kjell Gunnar Heggenes.

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 56/2010 Referat frå møte 10. august 2010.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 10. august 2010 vart godkjent utan merknader.

Sak 57/2010 Organisering av politiet i Vest-Telemark.

Som grunnlag for saken låg føre korrigert utgåve av rapporten om samlokalisering av lensmannskontor i Vest-Telemark.

Politimeister Anne Rygh Pedersen var tilstades i møtet og orienterte nærare frå rapporten. I utgreiinga på rådsmøtet skisserte politimeisteren ei ny organisering der politiet i Telemark vert inndelt i 2 geografiske driftseiningar hhv. "Nedre/Sør" og "Øvre/Nord", der sistnemnde driftseining vil bestå av kommunane: Bø, Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Nome, Notodden, Sauherad, Seljord, Tinn, Tokke og Vinje.

Forslaget inneber ein reduksjon frå 6 til 2 lensmannskontor i Vest-Telemark, og politimeisteren forslår eitt kontor lagt til Åmot og eitt kontor lagt til Seljord eller Kviteseid. I tillegg vert det skissert politipostløyisingar i dei andre kommunane.

Vest-Telemarkrådet vert, saman med andre høyringsinstansar, invitert til å seie si meining om forslaget til ny organisering av politiet. Høyringsperioden er 2 månader.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 58/2010 Samkommunemodellen. Mogleg ny modell for interkommunalt Samarbeid. Høyring.

På bakgrunn av drøfting i forrige rådsmøte låg det føre forslag til uttale i saken.

Vedtak: Forslaget til uttale om samkommunemodellen vert vedteke mot 1 røyst.

Sak 59/2010 Strategisk plan for Høgskolen i Telemark 2010 – 2014, høyring.

På bakgrunn av drøfting på førre rådsmøte låg det føre forslag til uttale i saken. Arne Vinje foreslo ei tilleggsformulering omkring skulestrukturen.

Vedtak: Forslaget til uttale vert samrøystes vedteke med dei føreslegne tilleggsformuleringane.

Sak 60/2010 Vidare organisering av regionsamarbeidet. Forslag til vedtekter.

Saken vart lukka på bakgrunn av dei pågåande tingingane med fylkeskommunen gjeldande Telemark utviklingsfond og finansiering av regionsamarbeidet.

Vedtektene for utviklingsfondet skal opp til endeleg handsaming i fylkestinget i slutten av oktober.

Vedtak: Saken vert utsett.

Sak 61/Orienteringssaker.

Bygdelivsprosjektet, rapport v/Emilie Asplin/Elisabeth Lid.

Emilie Asplin og Elisabeth Lid orienterte nærare om det 3-årige prosjektet som no er avslutta. Målsettinga har vore å marknadsføre regionen med tanke på auka tilflytting og etablering, og det har vore gjennomført ei rekkje aktivitetar og arrangement. Erfaringar viser at arbeid med tilflytting er av langsiktig karakter. Prosjektet kan vise til om lag 25 familiar som har flutt til regionen i perioden. I tillegg er det etablert 3 nye næringsbedrifter.

Arbeidet med å auke attraksjonskrafta i regionen går vidare, og det er løyvd midlar til å vidareføre dette viktige arbeidet. Det vert sett sterkare fokus på vertskapsrolla med auka merksemd omkring nettverk og møteplassar og ikkje minst vert det arbeidd med tilgang på bustader og arbeidsplassar. Prøvebustadsprosjektet er såleis ein spanande del av dette arbeidet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Breiband/mobildekning, orientering v/Børge Skårdal.

Vedtak: Saken vert utsett til eit seinare møte.

Brannsamarbeidet, orientering v/ Hans Kristian Lehmann.

Vedtak: Saken vert utsett til eit seinare møte.

Samliv - heilskapleg tenking, v/ prosjektleiar Anders Mathias Larsen.

Anders Mathias Larsen orienterte om arbeidet i organisasjonen LEVEL som har tilhald i Vest-Agder. Konseptet har som målsetjing å bidra til gode og trygge samliv. Gjennom ulike typer kurs vert det fokusert på kommunikasjon og konfliktløysing. LEVEL er eit samarbeid mellom dei ulike fagmiljøa i kommunane, den vidaregåande skulen og kyrkja.

Anders Mathias Larsen viste til at 9 av Agder-kommunane no nyttar seg av dette tilbodet og inviterte også Vest-Telemarkkommunane til å ta verktøyet i bruk. Det er ein etableringskostnad på kr. 10 000,- pr kommune, og det må gjerast politiske vedtak i kommunane.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 62/2010 Ymse

Ingen saker

Referent: Kjell Gunnar Heggenes

Sak 63/2010 Tannhelsetenesten i Vest-Telemark

Bakgrunn.

I møte i Vest-Telemarkrådet 10. august 2010 vart det sett fram ynskje om å få ei nærare orientering om tannhelsetenesten i vår region. Ein er i ferd med å etablere ny struktur innafor tannhelsetenesten, og det er mellom anna opna ny tannklinikk i Seljord.

Vest-Telemarkrådet ynskjer ei nærare orientering omkring dagens situasjon i høve til korleis tannhelsetenestene no er dekt. Rådet vil gjerne få ei nærare orientering om situasjonen og kva som er framtidsutsiktene mellom anna i høve til rekruttering av personell.

Ein spør korleis dei lovpålagte tenestene vert dekt, og kva tilbod tannhelsetenesten gjev til dei ulike gruppene i samfunnet.

På denne bakgrunn har Vest-Telemarkrådet invitert fylkestannlege Tor Hildre til rådsmøtet 12. oktober for å orientere nærare om saken.

Sak 64/2010 Landstadsenteret i Seljord.

Bakgrunn.

Nasjonalt Landstadsenter i Seljord vart formelt stifta hausten 2008, og har som føremål å ta vare på, vidareutvikle og formidle den kultur- og kyrkjeehistoriske arven etter presten, salmediktaren og folkevisesamlaren Magnus Brostrup Landstad. Landstaddagane 2010 er nyleg arrangert i Seljord med eit rikhaldig program med konsert, foredrag, kåseri, sogespel og kunstutstilling.

Det er vidare etablert ei vandreutstilling bestående av 25 grafiske bilete laga av biletkunstnaren Borgny Svalastog. I tillegg vert det arbeidd med å få til 2 fjernsynsprogram om Landstad og livsverket hans.

Representantar for Landstadsenteret vil orientere nærare om aktiviteten og dei vidare planane for senteret og er invitert til rådsmøtet 12. oktober.

Som nærare bakgrunn for saken ligg arbeidsplan 2009 – 2011, programm for Landstaddagane 2010 samt kopi av avisoppslag i Vest-Telemark Blad.



Landstad-dagane 2010

Seljord

27-29. august



Styret i Landstad-senteret innbyr i august til det årvisse Landstad-seminaret. Også denne gongen legg me fram eit rikholdig program i vakre Seljord i hjartet av Telemark. Landstad-namnet er knytt til kultur og kyrkje, til folkeviser og salmar. Landstad-førelsinga dette år er ved professor i folkeminnevitskap ved Universitet i Oslo, dr. Arne Bugge Amundsen: "Det folkelige i det kirkelige". Og kring dette innslaget er det sett opp ein spanande meny med konsert, foredrag, kåseri, sogespel og kunstutstilling. I tillegg kjem messa i det gudshuset som ein gong var Landstad si eiga kyrkje. Vel møtt!

Olav Skjevesland, styreleiar, biskop i Agder og Telemark

Fredag 27.august

Konsert i atelièet til Terje Grøstad på Nutheim, Flatdal

- 19.30 Konsert v/ Ingebjørg H. Bratland
"Viser, ballader og songar frå Landstads Folkeviser og frå Landstads Salmebok"
Omvising i atelièet etter konserten.

Lørdag 28.august

Seminar i atelièet til Terje Grøstad, Nutheim, Flatdal

- 09.00 Mottak og registrering, enkel servering
9.30 Åpning v/Olav Skjevesland
Landstadforelesningen 2010 :
Arne Bugge Amundsen: "Det folkelige i det kirkelige."
12.00 Lunsj, Nutheim Gjestgiveri
13.30 Hanne Weisser: "Folkevisenes fortellinger"
14.30 Presentasjon av materiale etter M.B. Landstad v/Nina Marie Evensen og Helene Grønlien
15.00 Pause m/kaffe, frukt etc.
15.30 Merethe Roos: "Kulturendring og kirkesang. Teksten i og tanken bak M.B.Landstads salmer."
16.30 Presentasjon av ny medarbeidar i Nasjonalt Landstadsenter.
Stands.
Åpent ateliè.
19.00 Middag, Nutheim Gjestgiveri
Kåseri v/Sigurd Telnes: "Hølje Gonge – folkeminneinformanten i kubbestolen."
Sosialt samver. Kaffe og kakor

Søndag 29.august

- 11.00 Gudsteneste i Seljord kyrkje
v/biskop Skjevesland m.fl.
- 13.00 BYGDEEDAG I SELJORD
Spelet "Soger ved Seljordsvatnet (del 2)
- ei reise bakover i tid i fylgje med M.B.Landstad."
framførast ved Bjørgesanden, Seljord Camping.
Ta med sitteunderlag og varme klæde.
For nærmare om innhald og medverkande; sjå eige program.
Varm mat serverast som ein del av opplegget.
- 17.00 Opning av kunstutstilling i Bø Prestegard
Borgny Svalastog: "Himmerikets blomster gror"
Bilete med inspirasjon frå M.B.Landstads tekstar.

Prisar:

Konsert fredag kveld: kr. 150,-

Seminar lørdag inkl. lunsj og middag: kr.700,-

Spel søndag inkl. varm mat: voksne kr.200,- , born kr.100,-

Enkeltrom på Nutheim Gjestgiveri fre-søn inkl. alle arr.: kr.2700,-

Dobbelrom tilsvarende: kr.2450,- pr.pers

Påmelding til seminar laurdag:

til e-post: post@landstadsenteret.no

eller direkte til dagleg leiar Rune Lia, tlf. 90980803

seinast 24.august, men seminaret kan verta fulltegna før (50 plassar)

Arrangør:

Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter v/styret

sjå heimeside; **www.landstadsenteret.no**

Overnatting:

Nutheim Gjestgiveri: www.nutheim.no tlf.: 35052143 / 41126560

Natadal: www.natadal.no tlf.: 35065900 / 90606100

Kvåle - Din gard: www.kvåle.no tlf.: 35052325 / 90617925

Lien Fjellgard: www.lien-fjellgard.no tlf.: 35052175

Seljord Hotell: www.seljordhotel.no tlf.: 35064000

Nordigard Bjørge: www.nord-bjorge.no tlf.: 35050040

Seljord Camping, hytter: www.seljordcamping.no tlf.: 35050471

Sanden Camping, hytter: www.sandencamping.no tlf.: 35032962

Garvikstrondi Camping, hytter: www.garvikstrondi.no tlf.: 35052912

Telnessanden Camping, hytter: www.telnessanden.no tlf.: 35052990

Morgedal Hotell: www.morgedal.no tlf.: 35068900

- Takk til Terje Grøstad og Ellen Grøstad Barstad for bruk av lokaler

STIFTINGA NASJONALT LANDSTADSENER

ARBEIDSPLAN 2009-2011

O.	INNLEIING	side	2
1.	MÅLSETTING		
1.1	Overordna målsetting	side	2
1.2	Målsettingar for perioden 2009-2011	"	3
1.2.1	Organisatorisk	"	3
1.2.2	Fagleg	"	3
1.2.3	Lokalisering	"	3
2.	TILTAK		
2.1	Faglege tiltak/prosjekt		
2.1.1	Moglege faglege tiltak (A-AI)	side	4
2.1.2	Prioriterte faglege tiltak	"	7
2.2	Organisatoriske tiltak/oppgåver (I-VII)	"	8
2.3	Fullmakter	"	9
3.	FINANSIERING		
3.1	Finansiering av faglege tiltak/prosjekt	side	10
3.2	Finansiering av drift	"	10
3.3	Fullmakter	"	10
4.	ORGANISERING		
4.1	Styre	side	11
4.2	Representantskap	"	11
4.3	Dagleg leiar	"	11
4.4	Utval	"	12
4.4.1	Fagutval	"	12
4.4.2	Utval for formidling	"	12
4.4.3	Utval for økonomi og finansiering	"	12
4.5	Landstadsenterets Faglege Nettverk	"	12
4.6	Landstadsenterets Venner	"	12
5.	GENERELLE RETNINGSLINER		
5.1	Prosjektorganisering	side	13
5.2	Prosjektfinansiering – driftsfinansiering	"	13
5.3	Reservekapital	"	13

ARBEIDSPLAN 2009-2011

0. INNLEIING

Denne arbeidsplanen er viktigaste styringsverktøyet for Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter. I planen vert viktige satsingsområde og oppgåver definert, og det vert peika på moglege kjelder for finansiering av dei ulike tiltaka. Arbeidsplanen gjev òg eit oversyn over korleis stiftingas verksemd er organisert.

Arbeidsplanen må sjåast på som eit dynamisk dokument som vil verta revidera av stiftingsstyret med jevne mellomrom etterkvart som arbeidet gjeng framover. Perioden 2009-2011 er å rekne som stiftingas etableringsfase og siktemålet er å kome i normal drift fra 2012.

Punkta 0 – 2.1.2 vart drøfta og godkjent i møte 25.11.2008.

Punkta 2.2 – 5 vert endeleg handsama på møte 30.04.2009

1. MÅLSETTING

1.1 Overordna målsetting

Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter sitt føremål er definera i §1 i vedtektene:

” Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter har til føremål å ta vare på og vidareutvikle, aktualisere og formidle den kultur- og kyrkjehistoriske arven etter personen, presten, salmediktaren og folkeminnesamlaren Magnus Brostrup Landstad.

Senteret kan òg arbeide med andre kulturelle uttrykk og tradisjonar med relasjon til Landstad si verksemd.”

Vidare heiter det i §2 i vedtektene om bygg og anlegg i stiftinga:

”Stiftinga vil søke om å nytte Seljord prestegard for der å lokalisere Landstadsenteret. Førebels lokale annan stad kan nyttast i ein overgangperiode.”

1.2 Målsettingar for perioden 2009-2011

For perioden 2009-2011 har styret som målsetting å kome i normal drift i løpet av perioden. Dette kan delast inn i tre område:

1.2.1 Organisorisk

Hovedmål:

- Stiftinga skal i normal drift i løpet av perioden.

Delmål:

- Sikre driftstilskott over statsbudsjettet
- Ha bygget ut en god og velfungerende organisasjon

1.2.2 Fagleg

Hovedmål:

- Ha utviklet en tydelig profil på Landstadsenteret

Delmål:

- Skaffe oversyn over aktuelt skriftlig materiale etter M.B.Landstad med sikte på utgjeving.
- Utgjevingar og tiltak av ulikt slag med vitenskaplig og pedagogisk sikte retta mot alle aldersgrupper.
- Markere Landstadsenteret sitt føremål i samband med Kulturminneåret 2009

1.2.3 Lokalisering

- Sikre Seljord prestegard til bruk for Landstadsenteret

2. TILTAK

Dette punktet er delt i to mellom faglege og organisatoriske tiltak. Dei faglege tiltaka vert òg prioritert i eit eige underpunkt.

2.1 Faglege tiltak/prosjekt

2.1.1 Moglege faglege tiltak

I dette punktet vert det liste opp ei rekke moglege tiltak og prosjekt. Om desse kan verta realisera er avhengig av finansiering og personresursar. (I neste punkt (2.1.2) peikar styret på kva tiltak som det ynskjer skal prioriterast.)

A. Utgi Landstads Samlede Verker

Skaffe oversyn over salmestoffet, folkeminnestoffet, brev og andre skrifter. Samle og utgi dette, eventuelt med innleiingar og kommentarar. Dette vil vere eit grunnlagsarbeid for mykje av senterets vidare arbeid med arven etter Landstad. Sjå vedlegg 2.1.1A-1

B. CD med Landstads salmer

Utgi ein, evt. fleire CD-ar med Landstads salmer. I eit formidlingsperspektiv vil dette vere viktig. Pr dato har det komme innspel frå Terje Kvam/Oslo Domkor og Elisabeth Karsten Harket. Sjå vedlegg 2.1.1B-1 og 2.1.1.B-2.1 / 2.1.1.B-2.2

C. Film

I samband med formidling vil òg ein film om Landstad og hans virke vere eit godt verkemiddel. Ein kan evt. tenke seg ein film i fleire episodar som vert tilrettelagd for fjernsyn. Ein slik film vil òg vere verdfull for senteret i formidlig overfor besøkande, særleg born og unge. Vi har fått innspel frå Ingeborg Lykseth og Jan Arne Wold. Sjå vedlegg 2.1.1C-1

D. Kurs

Landstadsenteret kan halde i kurs i ulike aktuelle emne, til dømes:

-
-
-
-
-
-
-

E. Hymnologisk tiltak (arbeidstittel)

F. Seminar 2009 - 2010 - 2011

Arrangere årlege Landstad-seminar, evt. etter modell av seminaret som vart halde siste helga i august 2008. Slike seminar vil kunne engasjere eit breiare publikum og vere med å halde Landstad-saka levande. Og dei vil vere eit forum for formidling av forskingsmateriale og anna stoff omkring Landstad og tilgrensande emne.

G. Innsamling av Landstad-effekter

Eit eige arbeid vil vere å få oversyn over og evt. samle inn ulike effektar etter M.B. Landstad. I lokalmiljøet i Seljord vil det kunne vere ein del interessant materiale. Det kan dreie seg om bøkar, møblar, bilete, klede etc etc. Ein må i denne samanheng òg få oversyn over kva som til no er gjort i samband med "Landstad-rommet" i andre høgda i Seljord prestegard.

H. Landstad-pris

Kanskje skal ein arbeide for å opprette ein eigen Landstad-pris. Denne kan delast ut, anten årleg eller ved aktuelle høve, til personar eller institusjonar som på særleg vis har arbeid med å vidareutvikle arven etter M.B.Landstad eller på anna vis har gjort fortjenestefylt arbeid i Landstad si ånd.

I. Landstad-stipend

Dette kan vere eit pengebeløp som vert gjeven for å stimulere til arbeid med oppgåver som ligg innanfor Landstadsenterets førmål.

J. Landstad-utstilling

Arbeide fram ei eigen utstilling som har M.B.Landstad som tema. Denne kan vere stasjonær eller den kan flyttast rundt til aktuelle stader i landet.

K. Innkjøp av førsteutgåver

Ei oppgåve for Nasjonalt Landstadsenter kan vere å kjøpe inn førsteutgåver av Landstads skrifter. Desse kan til dømes inngå i ei evt. Landstad-utstilling og vil uansett vere viktig materiale å få hand om for senteret.

L. Turar i Landstad sitt fotefar

M. Opplæring av sagnfortellarar

N. Landstadspel (evt.musical)

Eit Landstadspel, evt i form av eit kyrkjespel, kan vere ein fin måte å spre kunnskap om M.B.Landstad og hans samtid. Sigvald Tveit og Tor Åge Bringsværd har kome med eit felles innspel. Sjå vedlegg 2.1.1.N-1

O. Tidsbilete

Jfr Landstadinstituttet og Sigurd Telnes sine mange framsyningar, seinast no under seminaret i haust.

P. Bok om M.B.Landstad

Q. "Myte-museum"

R. Skriftserie fra Landstadsenteret – foredrag etc.

S. Landstad sine inspirasjonskilder

T. Landstads sitt bibliotek

U. Landstad som inspirator

Her handlar det om å vise korleis Landstad har verka som inspirator, både indirekte og direkte, på utvikling av kunst, musikk, litteratur, illustrasjonar osv.

V. Litteratur om Landstad

Skaffe oversyn over og evt. gå til innkjøp av litteratur om M.B.Landstad

W. Pilegrimsmotivet i Landstad sine salmer

X. Legge til rette for og peke på mulige forskningsområder

Y. Landstad og nasjonsbygginga (jfr.2014)

Z. Opplagg for skuleklassar

Æ. Kva var Landstad sitt "prosjekt"?

- Ø. Landstad-opera**
- Å. Bibliotek/leseplass**
- AA. Sal for konsertar, seminarer etc.**
Evt. i samarbeid med ny arbeidskyrkje i Seljord
- AB. Filmopptak/intervju med Sigurd Telnes**
- AC. Credo 2010, samarbeid med Seljord Kunstforening og Stiftinga Seljordspelet**
- AD. Landskappleiken 2011 i Seljord**
Samarbeid med Seljordspelet om nyoppsettinga av "Presten Landstad og Olea Krøger".
- AE. "Åmotsdal og Landstadfamilien på reise" (arb.tittel)**
Samarbeid med Eva Bull Holte Museum i samband med deira 10-års jubileum
- AF. Innsamling- og dokumentasjonsprosjekt**
Arbeide fram ein "metode", med vekt på både forskning og formidling
- AG. Bygdedagen -09 i Seljord**
Bronsedag i trebåtar rundt Seljordsvannet
- AH. Tilbod under Dyrskun og Festivalane i Seljord**
Tilrettelegging av vandringsruter i samband med fornminne
- AI. Vidareføring av Landstadinstituttets verksemd**
Sjå notat av 11.11.08 frå Sigurd Telnes
- AJ.**
- AK.**
- AL.**

2.1.2 Prioriterte faglege tiltak

Styret ynskjer i 2009 å prioritere arbeidet med følgande tiltak/prosjekter:

1. Forprosjekt Landstad Samlede
2. Realisere en CD med Landstad-salmer i samarbeid med Oslo Domkor / Terje Kvam, samt utarbeide plan for seinere CD-utgivelser
3. Landstad-seminar m/Landstad-forelesning i Seljord 28-30.august 2009
4. Vidareføre Landstadinstituttets verksemd

2.2 Organisatoriske tiltak/oppgåver

I. Oppretting av representantskap

Etter vedtektene §5 skal Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter ha eit representantskap. Arbeidet med å opprette dette bør ta til snarast råd. Desse instansane vert inviterte til å utnemne representantar:

- Kyrkjerådet, Den norske Kyrkja
- Agder og Telemark bispedømmeråd
- Vest-Telemark prosti
- Seljord kyrkjelege fellesråd
- (evt. sokneråda/fellessråda i Gausdal, Kviteseid, Halden, Sandefjord og Vestre Aker. Måsøy, Vinje?)
-
- Det teologiske Menighetsfakultet
- Liturgisk senter
-
- Universitetet i Oslo
- Musikkhøgskolen
- Høgskulen i Telemark
-
- Vest-Telemark Museum
-
- Kulturdepartementet
- Telemark Fylkeskommune
- Vest-Telemark Rådet
- Seljord kommune
-
- Landstadsenterets Venner
- Landstadsenterets Faglege Nettverk
-
-
-

II. Dagleg leiar

Dagleg leiar tilsettast/engasjerast.

III. Oppretting av Landstadsenterets Faglege Nettverk

Det opprettast eit fagleg nettverk for Landstadsenteret. Sjå pkt.4.5 nedanfor.

IV. Oppretting av Landstadsenterets Venner

Det opprettast ein venneforening for Landstadsenteret. Sjå pkt.4.6 nedanfor.

V. Frikjøp/overtaking av Seljord prestegard

Ei naturleg oppgåve vil vere å fortsette kontakten med dagens eigar Opplysningsvesenets Fond med sikte på å få til ei intensjonsavtale eller liknande om overtaking av prestegarden i Seljord, jfr §2 i vedtektene. Aktuelt tidspunkt for ei slik overtaking kan vere ved neste presteskifte i Seljord.

VI. Heimeside, versjon 1 og 2.

Det arbeidast fram ei fyldig og pedagogisk heimeside på internett. Det er ei målsetting at denne sida skal vere eit viktig hjelpemiddel for alle som ynskjer å vite noko om M.B.Landstad og kva Landstadsenteret arbeider med. Heimesida skal haldast oppdatert kvar veke.

Versjon 1 av heimesida er ei enkel og grunnleggande side med nokre viktige faktaopplysningar. Kultursjefen i Seljord, Asle Bø, har sagt seg villig til å bistå og drifte ei slik side.

Versjon 2 er ei interaktiv og fyldig side. Utarbeiding av slik heimeside er eit større og meir kostnadskrevande prosjekt.

VII. Mediestrategi

Det utarbeidast ei helskapleg mediastrategi for Landstadsenteret.

2.3 Fullmakter

Styreleiar og dagleg leiar har fullmakt til å godkjenne prosjektmøter/prosjektplanar både for faglege og organisatoriske tiltak/prosjekt.

3. FINANSIERING

Nedanfor fylgjer ei oppstilling over moglege kjelder for finansiering av dei ulike tiltaka/prosjekta, samt for finansiering av drift/administrasjon/organisatoriske tiltak.

3.1 Finansiering av faglege tiltak / prosjekt

Sjå vedlegg 3.1-1

Det sendast søknader om finansiell støtte til følgande innstansar:

INNSTANSAR:	TILTAK/PROSJEKT:	ANM:
Norsk kulturråd		
ABM-Utvikling		
Sparebankstiftelsen DnBNOR		
Fritt Ord		
Norsk Filminstitutt		
Anders Jahres Humanitære Stiftelse		
O.Kavli og Knut Kavlis almennyttig fond		
Norges forskningsråd		
Eckbos legater		

3.2 Finansiering av drift

Herunder reknast utgifter til administrasjon og til organisatoriske tiltak/prosjekt (jfr.pkt 2.2)

Det sendast søknader om finansiell støtte til følgande innstansar:

- Seljord kommune •
- Seljord kyrkjelege fellesråd •
- Vest-Telemark •
Rådet/Fellesfondet •
- Telemark Fylkeskommune •
- Agder og Telemark •
Bispedømmråd •
- div. bankar og •
næringslivsaktørar •
- Landstadsenterets Venner •
- Kirkerådet •
-

3.3 Fullmakter

Dagleg leiar kan, etter samråd med styreleiar, også sende søknad om økonomisk støtte til andre innstansar. Dagleg leiar har fullmakt til å sende søknader om økonomisk støtte til prosjekter og tiltak styret har godkjent.

4. ORGANISERING

Dette punktet gjev ein oversikt over korleis stiftinga er organisert og kva ansvar dei ulike organa har.

4.1 Styre

Etter stiftingslova skal alle stiftingar ha eit styre. Styret er stiftingas øvste organ.

På stiftingsmøtet 31.08.08 vart desse vald til stiftingas første styre:
Olav Skjevesland (leiar), Ingrid Gjertsen (nestleiar), Nina Alnæs, Arne Bugge Amundsen og Åge Håvik. Dessutan Kjell Johan Nenseter (1.vara) og Bergit Telnes (2.vara)

4.2 Representantskap

Stiftinga skal etter vedtektene ha eit representantskap som møtast minst ein gong i året. Representantskapets viktigaste oppgåve å velge styre. Det kan òg gje uttale i andre saker. Sjå §5 og 6 i vedtektene.

Det planleggast å oppnemne representantane og avholde fyrste møte i representantskapet i løpet av 2009.

4.3 Dagleg leiar

Etter vedtektenes §8 kan stiftinga ha ein dagleg leiar som har ansvar for at drifta av stiftinga er i samsvar med dei rammene og retningslinene styret gjer vedtak om.

Styret meiner at stiftinga bør ha ein dagleg leiar i inntil full stilling dersom det finansielle grunnlaget tillèt det. Dagleg leiar bør i tillegg til å ha administrativ og organisatorisk kompetanse også kunne vere prosjektleiar for ymse faglege tiltak for slik å kunne fylle ei heil stilling.

Rune Lia Rådgivning er engasjera til å stå føre dagleg leiing fram til 31.12.2011.

4.4 Utval

Stiftingsstyret har i møte 31.08.08 initiert 3 ulike underutval og oppnemnt tilhøyrande leiarar. Desse skal støtte dagleg leiar i førebuing og gjennomføring av styrets vedtak. Til dømes støttar utvala arbeidet med ulike faglege og administrative/organisatoriske tiltak. I arbeidet med ulike prosjekt vil desse normalt verta støtta av eit, evt. fleire utval.

4.4.1 Fagutval

Fagutvalet har til oppgåve å initiere, støtte og kvalitetssikre arbeidet med å utvikle stiftingas ulike faglege prosjekt. Medlemmane i utvalet bør til saman ha kompetanse som dekker fleire fagområde, jfr stiftingas føremål.

Leiar: Herleik Baklid.

4.4.2 Utval for formidling

Utval for formidling har til oppgåve å kvalitetssikre og støtte stiftingas arbeid med prosjekter som har hovudkarakter av formidling.

Leiar: Sigurd Telnes.

4.4.3 Utval for økonomi og finansiering

Utval for økonomi og finansiering skal hjelpe til med å sikre stiftinga ein sunn økonomisk drift samt stødig og tilstrekkeleg finansiering, både av løpande drift og faglege tiltak/prosjekt. Utvalet har såleis òg ein viktig funksjon med å syte for tilstrekkeleg internkontroll.

Leiar: Karl Gran.

4.5 Landstadsenterets Faglege Nettverk

Det skal arbeidast med å opprette eit fagleg nettverk på nasjonalt niva som kan støtte Landstadsenterets arbeid på ulike fagområde. Medlemmane i nettverket inviterast særskild av styret og har ein rådgjevande funksjon overfor senterets arbeid. Nettverket bør vere etablert før utgangen av 2009.

4.6 Landstadsenterets Venner

Det er ønskeleg å opprette ein støtteforening for Landstadsenteret som kan bidra med praktisk arbeid, dugnader, innsamling av midlar etc.etc. Venneforeninga er open for alle som er enig i senterets føremål og som ynsker å støtte arbeidet anten økonomisk eller praktisk.

Støtteforeninga organiserast med sitt eige styre og er organisatorisk ubunden til stiftinga.

Venneforeninga bør vere i gang i løpet av 2009, seinast våren 2010.

5. GENERELLE RETNINGSLINER

5.1 Prosjektorganisering

Prosjekt i regi av Landstadsentert organiserast vanlegvis etter modellen forstudie – forprosjekt – hovudprosjekt.

Forstudie

I forstudien gjer ein dei første undersøkelser om prosjektet kan vere realistisk å gjennomføre med tanke på personell, finansiering etc. Hovudidèen meislast ut, men det gjerast ingen bindande avtaler. Forstudien munnar ut i ein rapport som leggst fram for styret, evt. styreleiar, som tek avgjerdsle på om ein skal gå vidare til forprosjektfasen. Arbeid med forstudiar vil normalt vere ei oppgåve for dagleg leiar i samarbeid med utvala/utvalsleiarane.

Forprosjekt

I denne fasen vert prosjektet tydeleg med tanke på målsetting, finansiering, ressursbehov etc. Tilsagn om finansiering kjem på plass og ein gjer naudsynte avtalar med leverandørar osv. Når dette er på plass tek styret avgjerdsle om å vidare til hovudprosjektfasen. Eventuelt kan styret delegere dette til dagleg leiar som setter hovudprosjektet i gang dersom dei avtala føresetnadene er til stades. I større prosjekt vil det vere naturleg med eigen prosjektleiar for forprosjektet. I mindre prosjekt kan dette gjerast av dagleg leiar eller andre, evt. utvalsmedlemmer.

Hovudprosjekt

Dette er sjølve gjennomføringsdelen av prosjektet. Vanlegvis vert denne fasen leia av ein eigen prosjektleiar, og ikkje av dagleg leiar/utvalsmedlemmer el.likn. Denne fasen settast ikkje i gang før prosjektet er fullfinansiert. Ved avslutning av alle prosjekt leverast det sluttrapport frå prosjektleiar til styret.

5.2 Prosjektfinansiering - driftsfinansiering

Landstadsentert har i hovudsak ein todela økonomisk struktur, delt mellom driftsfinansiering og prosjektfinansiering.

- Arbeid med forstudier finansierast over driftsbudsjettet.
- Arbeid med prosjekter i fasen "forprosjekt" kan for mindre prosjekt finansierast over driftsbudsjettet, mens større prosjekter skal ha eigen prosjektfinansiering i forprosjektfasen.
- Alle prosjekt som kjem til fasen "hovudprosjekt" skal ha eigen prosjektfinansiering.
- I budsjettering av prosjekter skal det vanlegvis reknast 15% til overheadkostnader (adm.etc.) Desse midlane reknast som inntekter på driftsbudsjettet og skal gå til å dekke utgifter til forstudier, samt oppfølging av prosjektet undervegs.

5.3 Reservekapital

Midlar som eventuelt vert overført frå Landstadinstituttet settast av på eit særskild fond og nyttast i utgangspunktet som reservekapital. Dette for å sikre ein sunn økonomi og ha ein buffer i påkommande tilfelle.

Måndag
27/9-2010

Siste nytt

Arkivsøk

Ting lysingar

Ting VTB

Kontakt

Lenkjer

PDF-nedlasting

VTB.no

 Vest-Telemark Blad
 Postboks 33
 3836 Kviteeid
 Tlf. 35 06 80 00
 Faks 35 05 31 71
 SMS/MMS: Kodeord VTB til
 1963
 E-postadresser:
 redaksjon@vtb.no
 annonse@vtb.no

 Utgjevingar:
 Tysdag, torsdag og laurdag

Visuell poesi av Landstad-tekstar



Vandring: Biletekunstaren Borgny Svalastog har på initiativ frå biskop Olav Skjevesland laga 25 grafiske arbeid med utgangspunkt i tekstane til Magnus Brostrup Landstad. Landstadsenteret sender utstillinga ut på vandring i Noreg. Bileta i bakgrunnen har Førnesbrunnen som utgangspunkt.

Nasjonalt Landstadsenter i Seljord set fornya fokus på folkevisesamlaren og salmediktaren Magnus Brostrup Landstad. Det vert vandretstilling rundt om i Noreg, og det vert også arbeid med å få til fjernsynsprogram.

VTB Bjart Schieldrop
 bjart.schildrop@vtb.no

Biskop Olav Skjevesland, som er styreleiar i Nasjonalt Landstadsenter, engasjerte på forsommaren bilete- og tekstilkunstnaren Borgny Svalastog, til å skape bilete med inspirasjon frå tekstane til Landstad. Ho tok oppgåva på strak arm og laga 25 monotypiar (ein type grafikk). Det har vorte til utstillinga «Himmerikets blomster gror». Utstillinga opna i Bø gamle prestegard søndag, og skal på vandring til dei stadane Landstad var prest. Neste år vert utstillinga vist i Seljord i samband med Landstad-dagane 2011.

– Denne utstillinga står seg godt. Det er Landstadsenterets store oppgåve å ta vare på og vidareutvikle det store arbeidet Landstad utførte. Folkeviser og salmar var hans store oppgåve i livet. No er me også så heldige å ha biletkunsten med på laget. Bileta til Borgny Svalastog spelar på Landstad-tekstane og skapar visuell poesi kring tekstane, sa biskop Olav Skjevesland då han opna utstillinga.

Borgny Svalastog seier til VTB at arbeidet med utstillinga har vore gjevande. Ho synest Landstad er så mangfaldig i tekstane sine.

Levandegjere tekstane

– Eg har forsøkt å gjere tekstane hans levande for oss i dag gjennom dei 25 bileta. Dei ulike motiva – doggen, hjartebladet, fikentreet og borteller – opnar portar inn til Landstads diktarbjarde. Eg håpar òg at bileta kan inspirere til eit fornya møte med salmanes poesi, seier Borgny Svalastog.

Biskop Skjevesland poengterer at når Landstadsenteret no også spelar på biletkunsten, er det ein ny måte å aktualisere den kultur- og kyrkjarven som er knytt til Landstad.

TV-program

Historikaren Snorre Øverbø i Bø vart sist veke tilsett ved Landstadsenteret i Seljord. Der vil han jobbe saman med Rune Lia for å ta vare på og vidareutvikle Landstad-arven. Øverbø seier ambisjonane er store, og nemner fleire prosjekt det vert arbeid med for å spreie kunnskapen om Landstad og livsverket hans.

– Me håper det blir mogleg å få produsert tv-program og at NRK vil sende dei. Førrebels er alt på eit høgst førebuaude stadium, men forfattaren Karsten Alnæs lagar no ei såkalla pilot på fire-fem minutt. Laurdag vart det gjort opptak i Seljord. Dette vil me presentere for NRK i slutten av september.

– Kva skal dei to programma innehalde?

– I det eine ser me for oss å fokusere på folkevisesamlaren, medan det andre vert vigd salmediktaren og den store salmeskatten etter han. fortel Øverbø.

Skriveglad

Landstadsenteret har lenge hatt ein draum om å gje ut Landstads samla verk. Etter å ha saumfare ulike arkiv, trur Øverbø det kan verte ei for stor oppgåve. I arkiva er det funne 25.000 manussider etter Landstad.

Aktuelle saker:

- Bupliktsoak omgjort igjen
- Uvisse kring ny dyrskuplan
- Fotballdraum i ferieparadis
- Fleire elgføll for å unngå skogskadar
- Rekordmange søkjarar
- Karakterane i «Vildanden» på lerret
- – «Distriktsgebyr» på offentlege tenester
- Heidra for god nymorskbruk
- Eit ugløymeleg meistermate

– Han må ha skrive minst ti sider per dag. Arkivmaterialet avdekkar eit mykje breiare interessefelt hjå Landstad enn dei fleste har vore klar over. Arkeologi, kulturhistorie og politikk var tema som også opptok diktarpresten. Me arrangerer eit fagseminar i neste månad for å avklare det vidare arbeidet med dei store skriftlege materialet. Det er nærliggande å tenkje seg Landstads utvalde, meiner Øverbø. Rune Lia seier dei er i god dialog med Opplysningsvesenet om at Landstadsenteret får overta prestegarden i Seljord. Bygningen er ledig når soknepresten vert pensjonist.

Landstad-dagar

I helga vart Landstad-dagane 2010 arrangert i Seljord med konsert og seminar. Landstadførelinga var ved professor Arne Bugge Amnnsen. «Det folkelege i det kyrkjelege» hadde han sett som tittel på føredraget. Sigurd Tølnes hadde kåseri han kalla «Hølje Gonge – folkeminneinformanten i kubbestolen.» Søndag føremiddag var det messe ved biskop Skjevesland i Seljord kyrkje – gudshuset som ein gong var Landstad si eiga kyrkja.

Artikkelen er publisert 31/08-2010

Sak 65/2010 Mogleg oppretting av friluftsråd i Vest-Telemark

Bakgrunn.

Frå nettsidene til Friluftsrådernes Landsforbund har vi henta fylgjande definisjon på friluftsråd: *”Eit friluftsråd er eit fast samarbeid mellom 2 eller fleire kommunar og eventuelle organisasjonar om nærare definerte felles friluftsoppgåver. Samarbeidet er formalisert gjennom vedtekter, årsmøte, styre, arbeidsprogram, budsjett årsmelding og rekneskap.”* Det står også litt om kontingent og selskapsform samt bakgrunn og aktuelle oppgåver.

Friluftsrådernes Landsforbund har i dag 20 friluftsråd som medlemmer, mellom andre friluftsrådet Sør med kommunane Arendal, Froland, Gjerstad, Grimstad, Risør, Tvedestrand Vegårshei og Åmli. Andre tiliggande friluftsråd er Midt-Agder, Oslofjordens samt Oslo og Omland.

Friluftsråda har mellom anna fokus på viktige saker som friluftspolitik, folkehelse, miljøvern osv.

Vest-Telemarkrådet tek opp spørsmålet omkring mogleg oppretting av friluftsråd til nærare drøfting, og vi har invitert rådmann Per Dehli til å innleie om temaet.

Søk

Om FL
 Styret
 Administrasjon
 Årsmøte
 Styremøter
 Vedtekter
 Prinsippprogram
 Interkommunale friluftsråd
 Ansatte i friluftsrådene
 In English
 Allemannsretten
 Uttalelser
 Sikring/forvaltning
 Funksjonshemmede
 Prosjekter
 Konferanser
 Nyhetsarkiv
 Lenker

[Tilbake](#)

Om interkommunale friluftsråd

05.05.2009

Hva er et friluftsråd ?

Et friluftsråd er et fast samarbeid mellom to eller flere kommuner og eventuelt organisasjoner om nærmere definerte felles friluft oppgaver. Samarbeidet er formalisert gjennom vedtekter, årsmøte, styre, arbeidsprogram, budsjett, årsmelding og regnskap. Det fastsettes egen kontingent fra medlemskommunene til friluftsrådet (vanligvis som et kronebeløp pr innbygger). Friluftsrådet region Mandal er organisert som et interkommunalt selskap (IKS), mens øvrige friluftsråd formelt sett er foreninger med hjemmel i Kommune-lovens § 27.

Hvorfor interkommunalt samarbeid om friluft oppgaver ?

- Friluftsliv kjenner ikke kommunegrenser, - friluftsrådene utgjør naturlige regioner for utøvelse av friluftsliv og derved for arbeid med friluft oppgaver.
- Effektiv utnyttning av ressurser
- Regional prioritering, - friluftsliv blir satt på dagsorden i regionen
- Kompetansesentra for friluftsliv: Mange kommuner er for små til å ha egne ansatte til å arbeide med friluftsliv. Interkommunalt samarbeid sikrer at regionen har kompetanse innen friluftsliv.
- Ulgiftfordeling mellom kommunene: Kommuner med mange innbyggere bruker omegnskommunenes friluftsområder. Interkommunalt samarbeid der kontingenten er utlikna pr innbygger gjør at hele regionen bidrar til finansiering av tiltak i de områdene som brukes mest uavhengig av kommunegrenser.
- Koordinere statlige, fylkeskommunale og kommunale midler

Aktuelle oppgaver for friluftsråd

- Sikring av arealer til friluft formål
 - Være høringsinstans (bidra med friluftskompetanse) for ulike typer planer og utbyggings tiltak slik at friluftsverdiene kommer fram og blir belyst i beslutningsfasen.
 - Arbeide med grunneieravtaler for stier, skiløyper og turveier
 - Sikre arealer gjennom kjøp eller varige bruksavtaler
- Tilrettelegging av friluftsområder
- Drift av offentlige friluftsområder
- Informasjon
 - Kart, brosjyrer, internett, turbøker, informasjonstavler m.m.
- Aktivitetstiltak
 - Kurs for lærere i uteskole (Læring i friluft)
 - Uteskole for skoleklasser
 - Organiserer turer og ute-arrangement (naturlos)
 - Friluftsfri for barn og ungdom
 - Friluftstiltak for funksjonshemmede, minoritetsgrupper og andre med særskilte behov

Noen nøkkeltall pr 01.01.2009

- 20 interkommunale friluftsråd
- 178 medlemskommuner
- 133 medlemsorganisasjoner
- Samla omsetning i 2008 var 69 mill kr
- Friluftsrådene har forvaltningsansvar for 617 offentlige friluftsområder og 690 km med turstier og -veier
- I 2008 tilrettela friluftsrådene 89 km med nye turstier, 30 km nye skiløyper, 4 km nye turveier, anla 8 brygger, 5 bruer, 2 parkeringsplasser, 6 hytter og 9 toaletter i friluftsområdene
- I 2008 arrangerte friluftsrådene turer med 13.224 deltakere, arrangerte kurs for 2.323 lærere og barnehageansatte og hadde friluft opplegg for 12.934 barn og ungdom i tillegg til 3.125 deltagere på tiltak for minoritetsgrupper og funksjonshemmede.

Friluftsrådene

Oslo og Omland
 Oslofjordens
 Sør
 Midt-Agder
 Region Mandal
 Lister
 Dalane
 Jæren
 Ryfylke
 Vest
 Bergen og Omland
 Ålesund og Omland
 Nordmøre og Romsdal
 Trondheimsregionens
 Polarsirkelen
 Salten
 Ofoten
 Vesterålen
 Midt-Troms
 Ishavskysten

Om friluftsråd

ARBEIDSPROGRAM 1.5.10 – 30.4.11

Vedtatt på årsmøte 4. juni 2010

I arbeidsprogrammet er det lista opp de mest konkrete og spesifikke arbeidsoppgavene for årsmøteperioden. I tillegg har FL en rekke løpende arbeidsoppgaver som følger av vedtekter og prinsipp-program som ikke tas med her.

HOVEDFOKUS

I årsmøteperioden skal FL ha særlig fokus på:

- * Styrking av friluftspolitikken og de økonomiske vilkårene for friluftslivsarbeidet
- * Friluftsliv som del av miljøvernpolitikken med fokus på klima og biologisk mangfold
- * Fremme friluftsliv som virkemiddel i folkehelsearbeidet.
- * Utvikling av den naturlige skolesekken
- * Markering av at FL er 25 år i 2011

1. Friluftslivspolitik og økonomi

- 1.1. FL skal arbeide for at friluftspolitikken settes på den politiske dagsorden på alle nivå, herunder ved at nye utfordringer knytta til bl.a. friluftsliv og folkehelse og friluftsliv og skole tas opp i ei ny stortingsmelding om friluftsliv.
- 1.2. FL skal bidra aktivt i arbeidet med revisjon av Friluftsloven
- 1.3. FL skal arbeide for et økonomisk løft for friluftslivsarbeidet i statsbudsjettet for 2011 i samsvar med innspillet om 100 millioner i økte midler
- 1.4. FL skal arbeide for at friluftslivets betydning for folkehelse settes på den politiske dagsorden og følges opp med økonomiske midler
- 1.5. FL skal sammen med friluftsrådene legge til rette for at friluftspolitik settes på dagsorden i kommune- og fylkestingsvalgkampen 2011

2. Serviceorgan for medlemsfriluftsrådene

- 2.1. FL skal være en lett tilgjengelig samtalepart og rådgiver for friluftsrådene
- 2.2. FL skal være felles talerør for friluftsrådene overfor nasjonale myndigheter og organisasjoner
- 2.3. FL skal bistå friluftsråd som ønsker det, i forhold til regionale utfordringer av større eller prinsipiell karakter.
- 2.4. FL skal være medarrangør av nordisk park og friluftskongress juni 2010 i forkant av årsmøte og gjennomføre ansattesamling høsten 2010, styreledersamling februar 2011, samling for daglig ledere og andre fagsamlinger etter behov
- 2.5. FL skal bistå med erfaringer og råd overfor regioner som vurderer danning av nye friluftsråd
- 2.6. FL skal fordele aktuelle tilskuddsmidler og sørge for rapportering av disse på en enkel og ubyråkratisk måte, men likevel slik at myndighetenes krav oppfylles
- 2.7. FL skal innhente erfaringer fra friluftsrådene og følge opp forvaltningsreformen.

3. Sikring og tilrettelegging av arealer til friluftsliv

- 3.1. FL skal følge opp sikringsarbeidet gjennom samarbeidsavtalen med Direktoratet for naturforvaltning og arbeide for ny avtale for 2011.
- 3.2. FL skal stimulere til langsiktig og planmessig sikringsarbeid gjerne basert på fylkes- eller regionvis verdikartlegging av friluftsområdene.
- 3.3. FL skal arbeide for økt fokus på sikring av nærfriluftsområder i og ved byer og tettsteder.
- 3.4. FL skal arbeide for bedre rammebetingelser for friluftsrådenes sikringsarbeid ut fra erfaringene i sikringsprosjektet Friluftsrådet Vest og Jæren Friluftsråd
- 3.5. FL skal arbeide for at det i alle regioner er friluftsområder som er tilrettelagt for mennesker med funksjonsnedsettelse, og stimulere utvikling av planer for dette.
- 3.6. FL skal støtte arbeidet med etablering av kystleder og fortsatt delta i sentral styringsgruppe. I 2011 skal FL ha sekretariat for sentral styringsgruppe kystled.
- 3.7. FL skal videreføre arbeidet med å ta vare på skogen som viktig arena for friluftsliv og fortsatt delta i Rådet for Levende Skog, og i arbeidet med FSC-standard.
- 3.8. FL skal innhente erfaringer fra friluftsrådene med spillemidler til tilrettelegging for friluftsliv og ta opp eventuelle behov for regelendringer med Kulturdepartementet.

4. Drift av friluftslivsområder

- 4.1. FL skal arbeide for økonomisk medvirkning fra staten til drift av områder
- 4.2. FL skal arbeide for finansieringsordninger for rydding av søppel, og herunder delta i Hold Norge rent.

5. Aktiviteter for et friskere folk

- 5.1. FL skal arbeide for et krafttak i friluftslivsarbeidet for å bedre folkehelsen. FL skal særlig arbeide med Naturlos og Grønn resept.
- 5.2. FL skal være aktiv bidragsyter i det nordiske prosjektet "Frisk i naturen".
- 5.3. FL skal bidra aktivt til utvikling av Den Naturlige Skolesekken med basis i konseptet "Læring i friluft" som skal være vår hovedsatsing mot barnehage og skole, og ha særlig fokus på utvikling av "lokal stedsbasert læreplan".
- 5.4. FL skal bidra til at mennesker med funksjonsnedsettelse får friluftsmuligheter bl.a. ved å videreføre kursopplegget "Klart det går..."

6. Informasjon og synliggjøring

- 6.1. FL skal videreføre arbeidet med profilering og synliggjøring av friluftsrådene og FL med bl.a. nettside, logo, informasjonsbrosjyre og avtale med magasinet Friluftsliv
- 6.2. FL skal planlegge markering av FLs 25 års jubileum i 2011
- 6.3. FL skal videreføre samarbeidet med Statskog om utvikling av nettportalen "godtur.no" og motivere friluftsrådene til å bruke denne for friluftsinformasjon

7. Egen administrasjon og prosjekter

- 7.1. FL må gjennomføre flytting til nye kontorlokaler før 1.12.2010
- 7.2. FL skal utrede differensiert representasjon på FLs årsmøte og legge fram sak om dette på årsmøte 2011.
- 7.3. FL skal følge opp partnerskapsavtale med Devetaki Plateau Association, Bulgaria
- 7.4. FL skal ferdigstille rapport til Miljøverndepartementet om erfaringene med interkommunalt samarbeid innen friluftsliv.



Friluftsrådet | Sør



Arendal



Froland



Gjerstad



Grimstad



Risør



Tvedestrand



Vegårshei



Åmli

Hovedside
Om Friluftsrådet
Områder
Kart
Naturfos
Læring i friluft
Høves venner
Prosjekter
Litteratur
Linker
Ta kontakt

- ▶ Friluftskonferansen
- ▶ Føremelding
- ▶ Politikk



Nyheter

Høstferie i friluft

Friluftsrådet Sør og Aust-Agder 4H inviterer til spennende høstferieaktiviteter for unge i alderen 10-18. Du kan velge mellom tre aktiviteter, og det er valgfritt om man melder seg på en eller flere dager.

Mandag 4. oktober:

LandArt-kurs på Dømmesmoen med instruktør Jan Erik Sørenstuen. Oppmøte på p-plassen ved lysløypa kl. 09.00. Avslutning 15.00.

Tirsdag 5. oktober:

Havfisketur med Bibben i områdene utenfor Grimstad. Oppmøte på Torskeholmen i Grimstad kl. 09.30. Hjemkomst 15.00. Nødvendig utstyr: Rednings-/seilervest, fiskeutstyr (harpe, snøre, stang, sluker), pose til fangsten, kniv

Onsdag 6. oktober:

Togtur fra Arendal til Flaten, deretter sykkeitur tilbake fra Flaten til Arendal! Oppmøte ved Arendal stasjon kl. 09.00. Tilbake omtrent 15.00. Nødvendig utstyr: Sykkel, hjelm, drikkeflaske. Gjerne badetøy.

Pris: 50,- pr. dag. Dette dekker båt, togbillett, LandArt-instruktør og lunsj! Dersom noen har behov for å låne vest, sykkel og hjelm så ordner vi det!

Påmelding innen 27. september til Vibeke i Friluftsrådet Sør via **e-post** eller post; *Friluftsrådet Sør, Postboks 324, 4803 Arendal*
Benytt **påmeldingsskjema**, sendes som vedlegg i konvolutt eller e-post.



Friluftsrådet Sørs kurstilbud under Sørlandsk lærerstevne 2010: "Natur, mat og matematikk"

Under Sørlandsk lærerstevne 22. oktober arrangerer Friluftsrådet Sør i samarbeid med Skogselskapet i Aust-Agder kurs for lærere og førskolelærere.

Kurset inneholder tips og ideer til hvordan skogen kan brukes som undervisningsarena, og friluftsliv som pedagogisk metode. Les mer om kurset på

Sørlandsk lærerstevnes egne nettsider

Sykkelpark

Friluftsrådet Sør har kjøpt inn 30 sykler i ulike størrelser. Syklene er stasjonert i Arendal sentrum ved turistkontoret, i gjestehavna og på Hove. Syklene driftes av Arendal turistkontor. Turister og privatpersoner kan leie dem. Ansatte i kommunen kan låne syklene for å komme seg til møter via miljøvennlig transport. Skoleklasser, minoritetsgrupper, frivillige lag og foreninger og andre kan låne syklene gratis ved henvendelse til Arendal turistkontor. Se også **turistkontorets sider** om sykkelleie.

